

Kleven Maritime er eit teknologifokusert skipsindustriselskap med hovudverksemd innan utrusting og levering av spesialskip. Konsernet har ca 400 tilsette og har avdeling Kleven i Ulsteinvik og Myklebust i Gursken..

Vi har eit langsiktig byggeprogram framføre oss og treng fleire gode medarbeidarar

Til avdeling Kleven i Ulsteinvik søkjer vi etter:

Operatørar til sveiserobot

For å effektivisere vår sveiseproduksjon investerer vi i fleire sveiserobotar ved vår avdeling på Rovde. Vi trenger derfor operatørar til å styre roboten i det daglege arbeidet. Operatørane vil også vere sentrale i arbeidet med å vidareutvikle effektive produksjonsmetodar.

Mykje av arbeidet vil vere å arbeide med styringssystemet til roboten. Erfaring frå IT/data/dataspel kan vere ein fordel, men ikkje noko krav. Vi ynskjer også at søkjar har vidaregåande skule. Vi oppfordrar kvinner til å søkje. Naudsynt kunnskap om bygging av stålmodular vil bli gitt under opplæring.

Arbeidsstad vil vere Rovde, Ulsteinvik og/eller utlandet. Turnusordning kan bli aktuelt i periodar.

For meir opplysningar, kontakt Assisterande produksjonssjef Hans Olav Rovde på tlf **95793491**.

Søknadsfrist er 10 september.

Send CV og søknad på stillinga til Marte Bøe Sørensen, Kleven Verft AS, 6065 Ulsteinvik eller på e-post: marte-boe.sorensen@klevenmaritime.no.